



Uskedelingane Tormod og Trond framfor klosteret dei vitja

**For 2 dagar sidan kom uskedelingen Tormod Myklebust heim etter å ha køyrt ein semitrailar full av klede, sko og skulepultar til Ukraina. Dette var den femte turen hans til det fattige landet,**

**Den andre sjåføren på bilen, uskedelingen Trond Håvard Skjelnes som opprinneleg er frå Varaldsøy , tok turen for fyrste gong. Men som Tormod kan han tenkje seg fleire turar. No har også han sett at det framleis er naudsynt med hjelp i aust.**

Dei som ynskjer å senda klede (reine og heile) og sko til Ukraina får sjansen allereie laurdag.

Då har Stiftinga THK (tru, håp og kjærleik) for tredje gong ein samlerunde i Kvinnherad med stoppar i Rosendal (10-11), Uskedalen (11.30-12.30), Husnes (13-14) og Halsnøy (15-15.30).

- Dei to rundane vi har hatt her i kommunen før har gått svært bra, men dei har gått føre

seg på vinterstid og no er vi litt spente, seier Tormod.

I alle fall er det plass til 1000 sekkar og 16 tonn i bilen.

Neste tur går til Ukraina 20. mai men då skal ikkje uskedelingane køyra.

Den turen går til Korosten dit Tormod har køyrt 3 gongar før.

Han og Trond Håvard hadde ein ekstra lang tur denne gongen, nærare bestemt 640 mil. Grunnen til det var at dei skulle ha med returlast og den henta dei i det søraustre hjørnet av Polen. Returlasta var kontorstolar, nyproduserte av polakkane.

Lasta frå Noreg køyrde dei denne gongen til ein stad nokre få mil frå grensa mot Russland, nærare bestemt Novhorod Siverskyi som

ligg i eit svært fattig område. Men to institusjonar dei vitja hadde høg standard. Det var eit kloster og eit hotell som vart bygt fordi tre presidenter skulle møtast for få år sidan.

Nordmennene hadde problem med å knyta kontakt på grunn av språkproblem. Nokre få kunne berre litt engelsk.

Og kva vegstandarden angår er den under betring i Polen mens den framleis er dårleg i Ukraina.

Av Ola Matti Mathisen



Lossinga i gang i Ukraina